



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 28.09.2017 kl. 15:15-18:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Terje Mork	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Else Stølen	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Egil Helge Tjønneland	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Arne Fedøy	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2017/32		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2017/33		Godkjenning av protokoll	RUNE ZIENER
SR 2017/34		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2017/35		Lokale lønnsforhandlingar 2017	RUNE ZIENER
FR 2017/36		Kvammen kapell. Innvendig rehabilitering. Fullmakter.	RUNE ZIENER
FR 2017/37		2. tertialrapport med budsjettjustering	RUNE ZIENER
FR 2017/38		Budsjettforslag 2018 og økonomiplan 2019-2021	RUNE ZIENER

Askvoll, 28.09.2017

Rune Ziener
Referent

SR 2017/32 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SR 2017/33 Godkjenning av protokoll

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 13.06.2017 som den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 13.06.2017 som den ligg føre.

SR 2017/34 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram og drøftingar føreteke:

Til desse sakene er det ikkje utsendt noko dokument, men orienteringar vil vere munnlege.

- M 2017/29 Status investeringsprosjekta
- M 2017/30 Parkeringsplass Vilnes
- M 2017/31 Status utlyste stillingar
- M 2017/32 Gravferdsrutinar etter klage
- M 2017/33 Gravplassvedlikehaldet
- M 2017/34 Spørsmål om mogleg utviding av Vågane gravplass
- M 2017/35 Eigeomsforhold ved Vilnes kyrkje
- M 2017/36 Julekonsert i Askvoll kyrkje
- M 2017/37 Prostebesøk

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek meldingssakene til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek meldingssakene til orientering.

FR 2017/35 Lokale lønnsforhandlingar 2017

UTGREIING

Hausten 2017 skal det gjennomførast lokale lønnsforhandlingar, jf. KA-rundskriv11/2017. Fristen for slutføring av forhandlingane er sett til 01.11.2017, og forhandlingane får verknad frå 01.09.2017.

Ramme for forhandlingane er sett til 0,9% av grunnlønnsmassen for 2016.

Lokal lønnspolitikk

Til grunn for forhandlingane skal det ligge føre ein lokal lønnspolitikk som er fastsett av verksemda etter drøftingar med dei tilsette sine organisasjonar.

Forslag til gjennomføring

DATO	MØTE	DELTAKARAR
19.10.2017	Lønnspolitisk drøftingsmøte <ul style="list-style-type: none"> • Presentasjon av tariffoppgjør og lokal forhandlingspott • Plan for gjennomføring av dei lokale forhandlingane med fristar for innsending av krav. • Drøfting av lokal lønnspolitikk for verksemda 	Forhandlingsutvalet og organisasjonane
24.10.2017	Frist for innsending av lønnskrav	Tilsette v/organisasjonane
26.10.2017	Forhandlingsmøte	Forhandlingsutvalet og organisasjonane
15.11.2017	Ankefrist	

For ei mest mogleg rasjonell gjennomføring av forhandlingane bør soknerådet gje fullmakt til forhandlingsutvalet å gjennomføre forhandlingane innanfor dei sentralt fasette rammer og vedteken plan for gjennomføring.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gjennomfører lokale forhandlingar hausten 2017 i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.
2. Forhandlingsutvalet får fullmakt til å gjennomføre forhandlingane innanfor dei sentralt fastsette rammene og vedteken plan for gjennomføring.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gjennomfører lokale forhandlingar hausten 2017 i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.
2. Forhandlingsutvalet får fullmakt til å gjennomføre forhandlingane innanfor dei sentralt fastsette rammene og vedteken plan for gjennomføring.

FR 2017/36 Kvammen kapell. Innvendig rehabilitering. Fullmakter.

UTGREIING

Bjørgvin biskop har no godkjent prosjektsøknaden (sjå vedlagde skriv datert 31.08.2017) om godkjenning av interiørendringar og montering av varmpumper. Det er gjeve nokre presiseringar i samband med godkjenninga.

Etter at søknaden om interiørendringane vart sendt til biskopen er teikningsgrunnlaget justert noko (mellom anna dørplassering til toalettet i gangen) av praktiske omsyn. Desse detaljjusteringane vart sendt som orientering til biskopen.

Gjennom kyrkjelydsutvalet i Kvammen har ein no oversikt over kva prosjektdelar som vil verte utført på dugnad.

SWECO har utarbeidd tilbodsbeskrivelse og ein bør no prioritere å komme raskast mogleg i gang med arbeidet.

Ifølgje Askvoll sokn sitt økonomireglement § 3-3 krev alle protokollpliktige enkeltanskaffelser (over kr 100.000,-) vedtak i soknerådet.

For å sikre ein effektiv og rask prosjektoppstart, kan ein gje fullmakt til t.d. soknerådet sitt AU til å handtere tilbodsprosessen vidare, som val av tilbod og detaljbestemmelser i forhold til val av golvttype

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd sitt AU får fullmakt til val av tilbod for den innvendige rehabiliteringa av Kvammen kapell innanfor vedteke budsjettramme til prosjektet.
2. AU får vidare fullmakt til å foreta endeleg val av type golvoverflater i kapellet og ta bestemmelser i andre mindre prosjektforhold som måtte oppstå.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd sitt AU får fullmakt til val av tilbod for den innvendige rehabiliteringa av Kvammen kapell innanfor vedteke budsjettramme til prosjektet.
2. AU får vidare fullmakt til å foreta endeleg val av type golvoverflater i kapellet og ta bestemmelser i andre mindre prosjektforhold som måtte oppstå.

FR 2017/37 2. tertialrapport med budsjettjustering

UTGREIING

Vedlagte tertialrapportar inneheld tal frå 22.09., for å få noko meir korrekte tal enn pr. 01.09.

Investeringsbudsjettet

Her vert det ikkje sett fram forslag til endringar

Driftsbudsjettet

Etter gjennomgang av førebels rekneskapstal pr. 2. tertial vert det føreslege nokre justeringar:

Lønns- og personalutgifter:

Her er det ein del uvisse korleis ein vil komme ut på slutten av 2017.

- Pr. september har ein eit lite mindreforbruk på lønnsutgifter til gravplassar samanlikna med budsjettet, men her vil det verte etterbetalt ein del no ved sesongslutt for plenslått etter kvart som ein får inn fleire timelister frå sesongtilsette.

- Det er mindreforbruk også på lønnsutgifter til kyrkjeleg administrasjon, som særleg heng saman med seinare oppstart i prosjektstillinga i administrasjonen enn det som var forutsett ved budsjettvedtaket.

- For lønns- og personalutgifter til kyrkjer har ein førebels brukt nær 90% av heile årsbudsjettet etter utlønning t.o.m. september. I tillegg til resterande 3 månader ordinær lønn, vil det komme inn fleire timelistar for ekstra personale som er innleigd i sommar. Eit høgt tal gravferder denne sommaren i kombinasjon med både ferietid og sjukefråver vil gje budsjettoverskridingar her.

Ein må komme tilbake til budsjettjusteringar når ein veit meir om dei endelege kostnadene på lønn og personale for kyrkjene i 2017, men førebels er det føreslege slik budsjettjustering som ein finn rom for no:

Fast lønn (kyrkjer):

Budsjettjustering utgift opp med kr 26.000,-

Forsikringar:

Her har det vore ein auke frå 2016.

Budsjettjustering utgift opp med kr 15.000,-

Avgift, gebyr, lisensar:

Ligg her an til mindre utgift enn budsjettet totalt sett.

Budsjettjustering utgift ned med kr 14.000,-

Leige, leasing, kjøp av maskinar samt serviceavtalar og reparasjonar (kyrkjekontoret):

Budsjettjustering utgift ned 11.000,-

Kjøp av tenester konsulenttenester (kyrkjer):

Budsjettposten her er eit etterheng frå 2016 som gjeld måltaking og teikningar av Vilnes kyrkje. Ein vil ikkje ha utgifter på denne posten i 2017.

Budsjettjustering utgift ned kr 27.000,-

Festeavgifter:

Her vil ein truleg ikkje nå tilstrekkeleg tal gjennopptekne festeavtalar for å komme opp på budsjettert nivå i 2017.

Budsjettjustering inntekt ned kr 20.000,-

Forslag til budsjettjustering:

Konto		Inntekt opp/utgift ned	Inntekt ned/utgift opp
	<i>04100 Kyrkjeleg administrasjon</i>		
31850	Forsikringar		9000
31950	Avgift, gebyr, lisens		8000
32200	Leige, leasing, kjøp av maskinar	-6000	
32400	Serviceavtalar og reparasjonar	-5000	
	<i>04200 Kyrkjer</i>		
30100	Fast lønn		26000
31200	Forbruksmateriell, utstyr, tenester	-10000	
31850	Forsikringar		7000
31950	Avgift, gebyr, lisens		8000
32700	Kjøp av tenester, konsulenttenester	-27000	
	<i>04300 Gravplassar</i>		
31950	Avgift, gebyr, lisens	-30000	
36301	Utleige av lokale, festeavgift		20000
Sum		<u>-78000</u>	<u>78000</u>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek 2. tertialrapport til orientering og justerer driftsbudsjettet for 2017 i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek 2. tertialrapport til orientering og justerer driftsbudsjettet for 2017 i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.

FR 2017/38 Budsjettforslag 2018 og økonomiplan 2019-2021

UTGREIING

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd skal etter økonomiforskriftene § 3, kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal gi eit realistisk oversyn over

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til 8. oktober for innmelding av behov til Askvoll kommune.

I budsjetttrundskriv frå kommunen er det førebels lagt inn ei driftsløyving for 2018 på kr 3,639 millionar (som inneber ein reduksjon frå 2017-tilskot på kr 200.000,-, men med innlagt lønns- og prisvekst kr 92.000,-). I vedteken planperiode er det ikkje lagt opp til ytterlegare reduksjonar i driftstilskot i planperioden.

Kommunestyret sitt økonomiplanvedtak frå 2016 har slike investeringstilskot i kommande planperiode:

Investeringar	2018	2019	2020	2021
<i>Totalløyving</i>	2 120	1 080	100	-

DEL 1: Investeringar Askvoll sokn – økonomiplan 2018-2021

Økonomiplanforslaget for 2018-2021 er ei vidareføring av førre plan, men med følgjande endringar:

- eit nytt punkt i planen, kr 300.000,- i 2018 til kjøp av minilastar og ny plenetraktor .
- eit nytt punkt i planen, kr 200.000,- i 2020 til installasjon av automatisk ringeanlegg
- overflatebehandling/skifte av kledning på Holmedal kyrkje er teke ut av investeringsplanen, og ført over til drift.
- rehabilitering av taket på Askvoll kyrkje er flytta ut til 2021

Oversyn - behov for investeringstilskot frå Askvoll kommune (tal i NOK 1000). Tal ekskl. MVA.

PROSJEKT	2018	2019	2020	2021
Vilnes kyrkje – aut. slokkeanlegg og påbygg på sakristi	<u>2000</u>			
Finansiering: Askvoll kommune	-2000			
Holmedal kyrkje –HC-tilkomst ved hovudinngang	<u>150</u>			
Finansiering: Askvoll kommune	-120			
Eigenfinansiering:	- 30			
Maskinpark – minilastar og ny plentraktor	<u>300</u>			
Finansiering: Askvoll kommune	-300			
Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning		<u>1080</u>		
Finansiering: Askvoll kommune		-1080		
Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjeorgel		<u>955</u>		
Finansiering: Askvoll kommune		-770		
Eigenfinansiering:		-185		
Askvoll kyrkje – Takreparasjon			<u>100</u>	<u>1500</u>
Finansiering: Askvoll kommune			-100	-1500
Askvoll kyrkje – Automatisk ringeanlegg			<u>200</u>	
Finansiering: Askvoll kommune			-200	
SUM PR. ÅR INVESTERINGAR	<u>2450</u>	<u>2035</u>	<u>300</u>	<u>1500</u>
Investeringstilskot frå kommunen	-2420	-1850	-300	-1500

PROSJEKTOMTALAR

2018

Vilnes kyrkje – automatisk slokkeanlegg og ombygging av tilbygg

Vilnes kyrkje står i ei særstilling i distriktet sett ut frå antikvariske omsyn. Det er derfor viktig å sikre bygget mellom anna mot brann. Pr. i dag er det ikkje tilfredsstillande brannsikring av Vilnes kyrkje, og det er heller ikkje tilfredsstillande tilgang til slokkemidlar. Det er tilrådd frå brannteknisk rådgjevar at det vert installert eit automatisk slokkeanlegg (vanntåkeanlegg) i kyrkja.

Under prosjekteringsarbeidet for slokkeanlegg vart det påvist at vanntilførselen inn til kyrkja ikkje er tilstrekkeleg for automatisk slokkeanlegg, og det er i dag heller ikkje tilstrekkeleg plass til teknisk løysing utan at ein misser nødvendig bruksareal.

Soknerådet har no under utarbeiding arkitektskisser for ombygging av tilbygget ved kyrkje, slik at dette vert eigna som teknisk rom til slokkeanlegget, samt at toalettdelen med utedo vert tilpassa dagens krav. Kostnadsestimat for slokkeanlegg er i underkant av kr 1 mill.

Finansieringsbehov:

Kr 2 mill (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Vilnes kyrkje vil ikkje vere tilfredsstillande sikra mot brann.
Sanitæranlegg ved kyrkja er ikkje tilfredsstillande.

Holmedal kyrkje – HC-tilkomst ved hovudinngang

Det er heller tilfredsstillande tilkomst til kyrkjerommet for rullestolbrukarar m.v. Korkje hovudinngang eller sideinngangar har trappefri tilkomst. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Finansieringsbehov:

Kr 150.000,- (80% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Rullestolbrukarar m.v. vil ikkje ha den tilkomstmoglegheiten til kyrkjebygget dei har krav på etter regler om universell utforming.

Minilastar og ny plentraktor

Soknet har ikkje eigna maskin til å transportere t.d. jordmassar og gravminne inne på gravplassane. I dag skjer dette med handemakt, noko som er tidkrevjande og fysisk tungt arbeid. Med ein minilastar vil slikt arbeid vere effektiviserande.

I slåttesesongen 2017 vart den eldste av plentraktorane soknet eig kondemnert pga. havarert motor. Ifølgje verkstaden vil det ikkje svare seg å bytte ut motoren, og det bør kjøpast inn ein ny klippar.

Finansieringsbehov:

Kr 300.000,- (100% kommunal finansiering).

Konsekvens ved manglande løyving:

Mindre effektiv drift av gravplassane.

2019:

Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning

I samband med prosjektering av utviding av Askvoll kyrkjegard er det planlagt ei ny driftsavdeling på nytt gravplassareal. På driftsavdelinga er det og planlagt driftsbygning med garasje og lagringsplass for diverse driftsmateriell. I tillegg er det planlagt santitærdeel

og pauserom for å gi tilfredsstillande arbeidsforhold for dei tilsette på gravplassen. Det ligg ikkje føre endeleg kostnadsrekning på prosjektet.

Finansieringsbehov:

Kr 1,08 mill (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Askvoll kyrkjegard vil ikkje framstå som funksjonell m.o.t. driftsforhold sett opp mot dagens forventa standard.

Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjeorgel

Kyrkjeorgelet i Askvoll kyrkje er 110 år gammalt og er i 2014 vurdert av orgelbygger. I tilstandsvurderinga vert det sagt at orgelet er av slik handtverksmessig kvalitet at det er verdt å ta vare på. Tilstanden generelt er sagt å være «relativt ok», men vert vidare vurdert å vere «begrenset brukbart». Det er trong for diverse reparasjonar for å få orgelet funksjonelt, men det er tilrådd ei større restaurering. Ein har fått tilbod både på reparasjon (utbetring av dagens feil) og ei full restaurering med driftsgaranti for 10 år, som gir eit driftssikkert orgel for framtida.

Summane i oppsettet samanlikna med tilbodet frå 2014 er oppjusterte med kr 125.000,- (tilsvarande auken i gåvefondet til føremålet), då ein må pårekne både prisvekst og truleg noko forverra teknisk tilstand på orgelet den tida som har gått.

Dette prosjektet er førebels ikkje teke inn i kommunen sin økonomiplan.

Finansieringsbehov:

Alt. 1: Reparasjon; Kr 395.000,- (53% kommunal finansiering)

Alt. 2: Full restaurering; Kr 955.000,- (80% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ikkje funksjonell orgelløysing.

2020:

Askvoll kyrkje – installere automatisk ringeanlegg

I kyrkjene i soknet er det berre Kvammen kapell som har automatisk ringing. Det bør vere automatisk ringing i kyrkja i kommunesenteret, der det er flest arrangement. Eit anlegg (inkludert automatisk lukeopning) kostar omkring 190.000,-. Elektrikararbeid kjem i tillegg.

Finansieringsbehov:

Kr 200.000,- (100% kommunal finansiering).

2020-2021:

Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjetak

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Taket er undersøkt av byggfagleg kompetanse, og det er tilrådd at ein innafor ein tiårsperiode føretek restaureringsarbeid med sikring, evt. utskifting av takstein. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna. I kommunal økonomiplan er det lagt inn at ein nyttar kr 100.000,- i 2020 til eit forprosjekt. I dette oppsettet er restaurasjonsarbeidet lagt inn på nytt til realisering i 2021.

Finansieringsbehov:

Kr 1,5 mill (100% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen.

DEL 2: Drift

Varsla reduksjon i driftstilskot

Om ein får den varsla reduksjonen i driftstilskot på kr 200.000,- eksklusive lønnsvekst, må soknerådet vurdere kva kutt ein skal gjennomføre samanlikna med dagens drift.

Kr 200.000,- svarar til summen som er budsjettert til den varierende vedlikehalds- og utviklingsplanen, som primært dekker løpande vedlikehald og reparasjonar, samt kjøp av utstyr og inventar.

Kutt her vil føre til redusert vedlikehald.

I forslaget nedanfor ligg det ein reduksjon i VU-planen med kr 55.000,- samanlikna med førre VU-plan. Vidare er det reduksjonar på overføringar til investeringsrekneskapen, ned om lag kr 120.000,- samanlikna med justert budsjett for 2017.

Vidare er prosentsatsen for pensjonsutgifter nedjustert frå 2017-budsjettet.

Ekstra vedlikehaldsinnsats på Holmedal kyrkje – utskifting av kledning og overflatebehandling

Noko av kledningen på Holmedal kyrkje har råteskader og bør skiftast ut, særleg gjeld dette ved inngangspartiet. Vidare framstår bygningen som dels malingsslitt og bør malast opp igjen. Særleg ved tårnpartiet er kyrkja malingsslite. Holmedal kyrkje har 150-årsjubileum i 2018, og til denne markeringa burde kyrkja få eit løft utvendig.

Overflatebehandling vert rekna som ein driftskostnad og kan såleis ikkje gå inn i soknet sin investeringsplan. Ein bør be Askvoll kommune om ei særskilt løyving til tiltaket i 2018, med tilrådd beløp, kr 500.000,-.

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

I planforslaget er det lagt opp vidareføring av dei to hovudsatsingane frå tidlegare, der ein:

- *Opprettheld 20% auka stillingsdel for å arbeide med oppdatering av gravregister*
- *Opprettheld om lag kr 100.000,- til ekstra vedlikehaldsinnsats på gravplassane*

Det er vidare ikkje teke omsyn til eventuelle endra behov i driftstilskot i planperioden.

Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det sett opp eit førebels budsjett for 2018 i balanse.

1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

1.1.0 Utgifter

1.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra driftsnivå frå 2017, men med unntak av at kyrkjemusikarstillinga er redusert til 70%, i og med at vi ikkje har avtale med kulturskulen.

Samla budsjettert utgift lønn og sosiale utgifter for 2017 er kr 2.592.200,- (reduksjon med kr 113.300,- frå justert budsjett 2017). Her er kostnad ved mellomoppgjeret 2016 og stipulert kostnad til tariffoppgjoret 2018 lagt inn.

1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Relativt faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, m.v. utgjør i forslaget kr 964.000,-, som er vidareføring frå justert budsjett 2017.

Inkludert i denne summer er lagt inn kr 83.000,- til vedlikehaldsavtale for plenvedlikehald på gravplassane.

Det er føreslege brukt kr 145.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2017 som er ein reduksjon med kr 70.000,- frå opprinnelig VU-plan 2018.

Totalt til vare og- tenestekjøp, kr 1.109.000,-

VU-plan 2018

Tiltak	Stip. utgift
Fjerne røter/stubbar på Askvoll kyrkjegard	20.000
Bytte inngangsdør på Stongfjorden kapell	20.000
Reparere skiferheller i gangvegen opp til Askvoll kyrkje	20.000
Innkjøp av messehaklar	35.000
Uføresett vedlikehald	50.000
<u>Totalt</u>	<u>145.000</u>

1.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 13.000,- til eigenkapitalinnskot.
- Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
- Refusjonar for leige av bedehuskapella med kr 60.000,-.

Totalt kr 93.000,-

1.2.0 Inntekter**1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter**

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornying. Det er registrert ca. 100 festeutløp i 2017, med tilbod om fornying i 2018, men arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2016 er i forslaget sett til ca. 50 stk.

Samla stipulat for festeavgift i 2017 vert sett til kr 120.000,- (reduisert samanlikna med budsjettsum frå 2017).

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 12.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 135.000,-.

1.2.2 Refusjonar og overføringar

Refusjon frå Askvoll kulturskule fell bort.

1.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens økonomiplan, kr 3.639.000,-

1.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 20.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

HOVUDOPPSETT FORVALTNING

Lønn og sosiale utgifter	2592200
Vare og tenestekjøp utanfor variabel VU-plan	964000
Vedlikehalds- og utviklingsplan	145000
Måling/skifte av kledning på Holmedal kyrkje	500000
Refusjonar og overføringar	93000
	<u>4294200</u>
Brukarbetaling, sal, avgifter	-135000
Rammetilskot, eigen kommune	-3639000
Ekstra tilskot for Holmedal kyrkje	-500000
Andre tilskot og gåver	-20000
	<u>-4294000</u>
Differanse	200

2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I planforslaget vert forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

Endeleg tal for den enkelte teneste vil verte utarbeidd i samband med endeleg budsjettvedtak for 2018.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag 2018 og økonomiplan 2019-2021 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Ein ber såleis Askvoll kommune om eit investeringstilskot på kr 2,450 millionar for 2018 og ordinært driftstilskot på kr 3,639 millionar for 2018. I tillegg ber ein om ekstraordinær driftsløyving på kr 500.000,- for overflatebehandling og skifte av kledning på Holmedal kyrkje.
3. Vidare ber Askvoll sokn om eit møte med Askvoll kommune for å drøfte økonomiplanen før kommunalt vedtak.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag 2018 og økonomiplan 2019-2021 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Ein ber såleis Askvoll kommune om eit investeringstilskot på kr 2,450 millionar for 2018 og ordinært driftstilskot på kr 3,639 millionar for 2018. I tillegg ber ein om ekstraordinær driftsløyving på kr 500.000,- for overflatebehandling og skifte av kledning på Holmedal kyrkje.
3. Vidare ber Askvoll sokn om eit møte med Askvoll kommune for å drøfte økonomiplanen før kommunalt vedtak.